

Utval: Fylkestinget
Møtestad: Hotel Ullensvang, Lofthus
Dato: 13.06.2017 kl. 11.00-18.15
 14.06.2017 kl. 09.00-17.40

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Siri Klokkestuen	Medlem	A
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A
Atle Kvåle	Medlem	A 14.06. til kl. 14.30
Mari Klokkestuen Kjellesvik	Medlem	A
Emil Lennart Pålakoff Gadolin	Medlem	A
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Helge Nævdal	Medlem	A
Synnøve Solbakken	Medlem	A
Espen Berntsen	Medlem	A
Linda Haugland Jondahl	Medlem	A
Roald Kvamme	Fung. fylkesvaraordførar	A 14.06. til kl. 16.15
Katrin Innvær Ankervold	Medlem	A
Per Lerøy	Medlem	A
Åse Gunn Husebø	Medlem	A
Kjell Gitton Håland	Medlem	A
Gunn Berit Lunde Aarvik	Medlem	A
Kjetil Hestad	Medlem	A
Gro Berge	Medlem	A
Silje Hjemdal	Medlem	Frp
Sigbjørn Framnes	Medlem	Frp
Gustav Bahus	Medlem	Frp
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	Frp
Rosalind Fosse	Medlem	Frp
Mona Louise Røsvik Strømme	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Nils Marton Aadland	Medlem	H 14.06. til kl. 14.00
Inge Reidar Kallevåg	Medlem	H
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H
Ragnhild Hus Fagerbakke	Medlem	H
Olav Kvinge	Medlem	H
Iiril Kirstine Schau Johansen	Medlem	H 14.06. til kl. 17.15
Christer Lilleskare Olsen	Medlem	H
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H 14.06. til kl. 13.00
May Eva Sandvik	Medlem	H
John Helge Gullaksen	Medlem	H
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KrF
Pål Kårbø	Fung. fylkesordførar	KrF
Beate Husa	Medlem	KrF
Tor André Ljosland	Medlem	KrF
Tom Sverre Tomren	Medlem	MDG
Natalie Antonia Golis	Medlem	MDG
Øyvind Strømme	Medlem	MDG
Terje Kollbotn	Medlem	Rødt
Nils T Bjørke	Medlem	Sp 14.06. til kl. 16.30
Benthe Enes Bondhus	Medlem	Sp
Jon Askeland	Medlem	Sp
Sara Hamre Sekkingstad	Medlem	Sp
Aud Karin Oen	Medlem	SV

Marthe Hammer	Medlem	SV	
Daniel Charles Hextall	Medlem	SV	
Anne Beth Njærheim	Medlem	V	14.06. til kl. 13.15
Geir Kjell Andersland	Medlem	V	
Geir Angeltveit	Medlem	V	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall for heile tinget:

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun		A
Roald Stenseide	Medlem	Frp
Gunnar Bakke	Medlem	Frp

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall 14. juni:

Namn	Funksjon	Representerer
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	Frp
Tom Sverre Tomren	Medlem	MDG
Daniel Charles Hextall	Medlem	SV

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer	
Øyvind Hardeland	Anne Gine Hestetun	A	
Christoffer Thomsen	Roald Stenseide	Frp	
Anita Garlid Johannessen	Gunnar Bakke	Frp	
Svein Otto Jacobsen	Renate Møgster Klepsvik	Frp	Møtte 14.06.
Nils-Anders Nøttseter	Tom Sverre Tomren	MDG	Møtte 14.06.
Einar Horvei	Daniel Charles Hextall	SV	Møtte 14.06
Gunnar Moland	Svein Halleraker	H	14.06. frå kl. 13.00
Elizabeth Toft Erichsen	Anne Beth Njærheim	V	14.06. frå kl. 13.15
Elizabeth Toft Erichsen	Geir Kjell Andersland	V	Møtte i PS 35/14
Nils Kåre Skoge	Stein Inge Ryssdal	H	Møtte i PS 38 og 40/17

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Holm Svendsen	Fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Arne Åsan	Fylkestannlege
Jostein Fjærestad	Eigedomsdirektør
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Janne Værnø	Kommunikasjonsdirektør
Bertil Søfteland	Leiar fylkessekretariatet
Sigrid Helene Aardal	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet
Dianne Kilvør	Spesialkonsulent fylkessekretariatet
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet

Pål Kårbø

Aud Karin Oen

Geir Kjell Andersland

Gro Stien Thorvaldsen
sekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 31/17	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 32/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 5/17	Revisors uttale til delrekneskap for kontrollutval, sekretariat og ekstern revisor	2016/4239	
RS 6/17	Årsrapport 2016 – Vaksenopplæringa	2017/3035	
RS 7/17	Årsmelding 2016 for Fylkeseldrerådet	2017/2682	
PS 33/17	Interpellasjonar/spørsmål		
PS 34/17	Forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetspråklege elevar - Revisjonsrapport	2016/9440	
PS 35/17	Selskapskontroll av Hordaland Teater - Revisjonsrapport	2016/9439	
PS 36/17	Årsmelding for kontrollutvalet for 2016	2017/2535	
PS 37/17	Godkjenning av årsrekneskap 2016	2016/4239	
PS 38/17	Byvekstavtale for Bergen	2014/54	
PS 39/17	Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - framlegg av plan etter høyring	2015/10633	
PS 40/17	Bompengesøknad for ny bypakke i Bergen, perioden 2018 - 2037	2017/3552	
PS 41/17	Sørvest Bomvegsselskap AS - garanti for lån til kjøp av BT Signaal AS	2016/34293	
PS 42/17	Kollektivstrategi for Hordaland - Årsrapport 2016	2014/278	
PS 43/17	Årsmeldingar for fylkesvegane i Hordaland og Bergensprogrammet	2014/505	
PS 44/17	Prosjekt redusert sniking i kollektivtransporten	2016/4901	
PS 45/17	Gjennomgang av Regionalavdelinga sitt arbeids- og ansvarsområde	2017/1210	
PS 46/17	Regional areal- og transportplan for Bergensområdet - Vedtak av regional plan	2014/1180	
PS 47/17	Evaluering prøveprosjekt med mobbeombod	2014/16324	
PS 48/17	Program for folkehelsearbeid i kommunane 2017-2027, deltaking frå Hordaland	2017/1324	
PS 49/17	Revisjon av dei etiske retningslinene	2014/23249	
PS 50/17	Temaplan "Likeverd i Hordaland fylkeskommune" - vedtak	2015/11349	
PS 51/17	Årsmelding 2016 Hordaland fylkeskommune	2014/15084	
PS 52/17	Årsmelding for klagenemnda 2016	2016/2364	
PS 53/17	Årsrapport 2016 for Regionalt forskingsfond Vestlandet	2015/1439	
PS 54/17	Museum Vest og Bergens Sjøfartsmuseum. Intensjonsavtale om konsolidering	2017/3718	
PS 55/17	Markering av kristenretten 1000 år - Moster 2024	2017/2448	
PS 56/17	Lokal forskrift om fleksibilitet i fag- og timefordeling i vidaregåande opplæring i Hordaland fylkeskommune	2016/4238	
PS 57/17	Prosjektet "auka gjennomføring- fleire ut i lære"	2017/1228	
PS 58/17	Framlegg til nye vedtekter for NDLA	2017/3492	

PS 59/17	Ny budsjettmodell og bærekraftig finansiering av dei vidaregåande skulane	2016/33942
PS 60/17	Valen kraftverk AS - utlån til damforsterking	2014/11331
PS 61/17	Ibsens gate 118 i Bergen kommune - sal av eigedom	2014/17378
PS 62/17	Finansrapport 1. tertial 2017	2014/927
PS 63/17	Tertialrapport pr. april 2017 - rekneskapsprognose.	2017/3908
PS 64/17	Val av revisor for fellesnemnd i samband med samanslåing av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune	2016/3311
PS 65/17	Søknad om permisjon frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune - Elise Loftheim	2017/732
PS 66/17	Søknad om permisjon frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune - Synnøve Lie Johansen	2017/732
PS 67/17	Ymse	
PS 68/17	Evaluering av Bybanen	2015/8900
PS 69/17	Carte Blanche AS. Oppnemning av eitt styremedlem	2016/7780

PS 31/17 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i fylkestinget - 13.06.2017

PS 64/17 vart trekt frå sakskartet. Saka kjem opp i oktobertinget.

Vedtak

Innkallinga vart godkjend.

Saklista vart godkjend med merknaden over.

PS 32/17 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i fylkestinget - 13.06.2017

Vedtak

Referatsaker 5-7/17 vart refererte.

PS 33/17 Interpellasjonar/spørsmål

Saksprotokoll i fylkestinget - 14.06.2017

INTERPELLASJONAR

Tor André Ljosland (KrF) hadde sendt inn slik interpellasjon:

«Røykeforbod på fylkeskommunale haldeplassar og på terminalar.

Skadeverknader av tobakk er godt dokumentert. Mellom anna syner regional plan for folkehelse til bruk av tobakk som ei av fleire risikofaktorar for alvorlege sjukdommar.

Fylkesutvalget har tidligere tatt stilling til et røykeforbud på holdeplasser og terminaler. I PS 96/15 ble eit forbod behandla: Fylkesutvalet vedtek i denne omgangen ikkje å innføre røykeforbod på alle fylkeskommunale haldeplassar og på terminalar. Skyss utviklar og køyrer ein haldningskampanje på fylkeskommunale haldeplassar og terminalar, der ein oppfordrar til å ta omsyn ved røyking.

Interpellanten viser til saksdokumentene i sak PS96/15:

Lov om vern mot tobakksskader pålegg ikkje det offentlege å innføre røykeforbod på haldeplasser eller utandørs på terminalar, men eigarane av haldeplassar og terminalar kan i kraft av å vere eigar velje å innføre forbod mot røyking. Etter fylkesrådmannen sitt syn så bør Hordaland fylkeskommune leggje seg på same line som Jernbaneverket, og innføre røykeforbod på kollektivterminalar og haldeplassar som fylkeskommunen eig. Reint praktisk vil dette innebere at det vert informert og sett opp skilt om røykeforbodet, og at alle oskebeger vert fjerna.»

Fylkesordføraren svarte slik:

«Ljosland viser i interpellasjonen sin til sak i fylkesutvalet, PS 96/2015, og legg fram forslag om å innføre røykeforbod på alle fylkeskommunale haldeplassar og på terminalar.

Fylkesordfører viser til same sak, og siterer:

«Lov om vern mot tobakksskader pålegg ikkje det offentlege å innføre røykeforbod på haldeplasser eller utandørs på terminalar, men eigarane av haldeplassar og terminalar kan i kraft av å vere eigar velje å innføre forbod mot røyking. Etter fylkesrådmannen sitt syn så bør Hordaland fylkeskommune leggje seg på same line som Jernbaneverket, og innføre røykeforbod på kollektivterminalar og haldeplassar som fylkeskommunen eig. Reint praktisk vil dette innebere at det vert informert og sett opp skilt om røykeforbodet, og at alle oskebeger vert fjerna.»

Fylkesordføraren støttar dette synet, og tilrår derfor eit vedtak om røykeforbod på fylkeskommunen sine kollektivterminalar og haldeplassar.»

Tor André Ljosland (KrF) sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget vedtek å innføre røykeforbod på alle fylkeskommunale haldeplassar og på terminalar.»

Gustav Bahus (Frp) sette fram slikt forslag:

1. «Fylkestinget finner det ikke hensiktsmessig å innføre røykeforbud på alle fylkeskommunale holdeplasser og terminaler. Fylkestinget understreker imidlertid at det er viktig at Hordaland fylkeskommune og Skyss kjører egne holdningskampanjer der man oppfordrer til å ta hensyn ved røyking.
2. Bosspann/askebeger må settes opp i hensiktsmessig avstand fra selve holdeplassen.»

Fylkestinget tok stilling til om forslaga skulle realitetsbehandlast på slutten av tingsetet. Det var 52 representantar til stades.

Fylkestinget vedtok samrøystes å behandle forslaga.

Røysting

Ljosland sitt forslag vart vedteke med 43 røyster mot 9 røyster (Frp, 2H) for Bahus sitt forslag punkt 1. Bahus sitt forslag punkt 2 fekk 18 røyster (2 MDG, V, R, Frp, 5H) og fall.

Vedtak

Fylkestinget vedtek å innføre røykeforbod på alle fylkeskommunale haldeplassar og på terminalar.

Aud Karin Oen (SV) hadde sendt inn slik interpellasjon:

«Regionreform: Vilråa fleirtalet i fylkestinget i Hordaland stilte for ei samanslåing med Sogn og Fjordane vert ikkje innfridde

– I stortingsproposisjonen som no vert handsama er krava frå fylkestinget knapt nemnt. Heller ikkje meir makt til dei nye regionane eller vesentleg fleire oppgåver og funksjonar, det einaste er at me «får lov» å behalda tannhelsetenesta. Det er berre å så fast at vilråa om meir makt og fleire oppgåver ikkje er møtt.

Vedtaket i fylkestinget i februar er klinkande klart på at om ikkje vesentlege oppgåver vert overført, skal Hordaland halda fram som eige fylke.

– Såleis burde fylkestinget vorte kalla inn for å vurdere saka på nytt før handsaminga i Stortinget, når så ikkje er skjedd og det truleg går mot samanslåing på tvers av Hordaland fylkesting sitt vedtak meiner Sv at det ikkje er demokratisk handsaming. Me bør slå fast at det er dette punktet i vedtaket i fylkestinget som no gjeld: "Om Stortinget ikkje finn grunnlag for å overføre viktige samfunnsoppgåver frå statleg til regionalt folkevalt nivå, vil fylkestinget at Hordaland held fram og vert vidareutvikla som eigen fylkesregion frå 2020." –

Samanslåinga mellom dei to fylka vert sagt å vere frivillig, men i røynda er det tvang når ikkje punktet om oppgåver er oppfylt.

Både Ap, Sp, Sv på stortinget har sagt dei vil reversera tvangsamanslåingar i kommunar og fylkeskommunar, og etter valet kan det fort verta fleirtal for dette.

Spørsmål til fylkesordføraren?

Korleis vil fylkesordføraren sjå til at vedtaket i fylkestinget som heilt klart legg føringar om oppgaveoverføringar vert handsama på demokratisk vis?»

Fylkesordføraren svarte slik:

«Om Stortinget sitt vedtak om samanslåing oppfyller vilråa i intensjonsplanen, og om samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane no skjer med tvang eller ikkje, er eit spørsmål om forventningar og uttrykte krav til overføring av eksplisitte oppgåver og ansvarsområde i denne fasen av regionreforma. Eg har forståing for at det er ulike oppfatningar om dette og graden av tvang eller ikkje i det vedtaket om samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland som Stortinget no har gjort.

Stortinget har peikt på fleire nye oppgåver og ansvarsområde som skal overførast til det folkevalde regionale nivået, eksisterande fylkeskommunale oppgåver som tidlegare var vurdert overført til kommunane er behalde, og i tillegg skal det setjast ned eit ekspertutval for å vurdere ytterlegare nye oppgåver til det regionale folkevalde nivået.

I sum vil eg hevde at dette peikar i rett retning og at vilrået i intensjonsplanen om overføring av oppgåver i all hovudsak er ivareteke, og at det slik sett burde ligge til rette for ein frivillig samanslåingsprosess mellom Hordaland og Sogn og Fjordane. Eg deler dermed ikkje interpellanten sitt syn på at Stortinget og regjeringa ikkje har lytta til vilråa i intensjonsplanen og vedtaket i fylkestinget i Hordaland om overføring av oppgåver. Eg deler heller ikkje interpellanten sin karakteristikk av handsaminga i Stortinget som udemokratisk. Det er Stortinget som har legitim rett til å gjere vedtak om samanslåing av fylke. Prosessen fram mot vedtaket har vore open og inkluderande, der fylkeskommunane har gjennomført nabosamtalar og forhandlingar, og har hatt god dialog med både departement og Stortinget.

Formelt er det Kommunal- og moderniseringsdepartementet som no skal setje i gang samanslåingsprosessen gjennom å kalle inn til felles fylkestingsmøte for å drøfte samansetjing av fellesnemnd og andre spørsmål i samsvar med reglane i inndelingslova. Tidspunktet for eit slikt felles fylkestingsmøte vil bli fastlagt i samråd med dei berørte fylkeskommunane, og eg vil foreslå for departementet at dette blir gjennomført medio oktober.

Naturleg nok legg ikkje Stortinget opp til at vedtaket om ny inndeling av regionalt folkevalt nivå skal kunne overprøvast gjennom nye fylkestingsvedtak. Som interpellanten viser til vil det likevel kunne bli ein uavklart situasjon på Stortinget etter valet som kan ha betydning for gjennomføring av den no vedtekte nye inndelinga av regional folkevalt nivå. Dersom det skulle oppstå ein ny situasjon i Storting og regjering med andre føresetnader for samanslåingsprosessen må vi forhalde oss til dette, og eventuelt vere klar til å gjere nye vedtak i fylkestinga både i Sogn og Fjordane og Hordaland.

Eg vil foreslå for fylkestinget at forslaga til vedtak ikkje vert realitetshandsama.

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

1. «Sidan den nasjonale regionreforma får som utfall at tal fylke/regionar vert ført vidare på tilnærma dagens nivå, og Stortinget ikkje finn grunnlag for å overføre viktige samfunnsoppgåver frå statleg til regionalt folkevalt nivå, vil fylkestinget at Hordaland held fram og vert vidareutvikla som eige fylke/eigen region frå 2020. (fleirtalsvedtaket i februar)
2. Hordaland fylkesting kan ikkje sjå at føresetnadane for ei samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane er oppfylte og ber difor om at all vidare arbeid med regionsreforma vert stoppa.
3. Stortinget sitt vedtak om samanslåing er bygd på feile premisser og er å sjå på som ei tvangssamanslåing. (under føresetnad av at det vert vedtaket.)»

Silje Hjemdal (Frp) sette fram slik protokollmerknad:

«Det vises til tidligere stemmegivning fra Frp i saksbehandling av regionreform. Frp sa nei til sammenslåing med Sogn og Fjordane. Frp fremholdt at vi ønsker å fortsette som eget fylke med sikte på å fortsette dialog med både Sogn og Fjordane og Rogaland fylkeskommune. Frp mener det optimale er at Hordaland og Rogaland er sammen i en evt. ny Vestlandsregion.»

Fylkestinget tok stilling til om forslaget frå Oen skulle realitetsbehandlast på slutten av tingsetet. Det var 52 representantar til stades.

25 av representantane (18A, KrF, 2H, 1Sp) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Forslaget vart dermed ikkje realitetsbehandla, jf. kommunelova § 34 nr. 1, 2. setning.

Protokollmerknad frå Frp

Det vises til tidligere stemmegivning fra Frp i saksbehandling av regionreform. Frp sa nei til sammenslåing med Sogn og Fjordane. Frp fremholdt at vi ønsker å fortsette som eget fylke med sikte på å fortsette dialog med både Sogn og Fjordane og Rogaland fylkeskommune. Frp mener det optimale er at Hordaland og Rogaland er sammen i en evt. ny Vestlandsregion.

SPØRSMÅL

Mona Røsvik Strømme (H) hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Finansiering av nytt scenekunsthuss i sentralbadet i Bergen

Regjeringa bevilger i revidert nasjonalbudsjett et statlig investeringstilskudd på 230 millioner til et nytt scenekunsthuss i Sentralbadet i Bergen. Etter initiativ fra BIT Teatergarasjen og Carte Blanche vil Bergen kommune bygge om den gamle svømmehallen Sentralbadet i Bergen til et scenekunsthuss med nye permanente lokaler for Carte Blanche og BIT Teatergarasjen.

Regjeringen bevilger et samlet statlig investeringstilskudd på inntil 230 millioner til prosjektet. Tilskuddet blir fordelt over flere år. I 2017 blir det bevilget 10 millioner kroner.

Tilskuddet som nå kommer fra regjeringen vil utløse en tilsvarende sum fra både Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune, slik at totalrammen for tilskuddet til Sentralbadet – inkludert tribuner, sceneteknisk utstyr, lydanlegg og løst inventar – vil være på i underkant av 700 millioner kroner.

- Fylkesordfører, er det mulig å få et svar på hvordan denne bevilgningen vil bli gjennomført av Hordaland fylkeskommune. Vil dette bli inkludert i forslag til budsjett som bli lagt frem i oktober? Har det vært kontakt mellom kulturdepartementet, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune om denne samlede bevilgningen på 700 millioner kroner? Kan fylkesordføreren orientere fylkestinget fortløpende om denne saken i tiden fremover?»

Fylkesordføreren svarte slik:

«Carte Blanche er Noregs nasjonale kompani for samtidsdans. Kompaniet vart etablert i Bergen i 1989 i eit samarbeid mellom Staten, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune. I dag er kompaniet eigd av Staten med 70 %, Hordaland fylkeskommune 15 % og Bergen kommune 15 %. Det offentlege driftstilskotet er fordelt tilsvarende.

Carte Blanche leiger i dag lokale i Studio Bergen. Avtalen går ut i 2020. Dei siste åra har det difor vore arbeidd med spørsmålet om ny lokalisering for kompaniet.

Sentralbadet i Bergen har peikt seg ut som eit potensielt lokale for ombygging til scenekunsthuss for Carte Blanche og BIT Teatergarasjen. Bergen kommune har difor omgjort sitt opphavlege vedtak om sal av dette anlegget. I 2015 utgreidde ei administrativ arbeidsgruppe med representantar frå Kulturdepartementet, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune spørsmålet om Sentralbadet kunne eigna seg. Etter dette vart det sett i gong arbeid med eit skisseprosjekt. Hordaland fylkeskommune gjorde vedtak om å finansiera skisseprosjektet saman med Bergen kommune, og fylkesrådmannen har såleis vore representert i styringsgruppa og prosjektgruppa.

Eit revidert skisseprosjekt vart lagt fram 27. april. Det er her gjeve eit basisestimat på kr 590 millionar og ei tilrådd styringsramme på kr 730 millionar for ombygginga. På bakgrunn av søknad frå Bergen kommune, er det i budsjettavtale 7. juni om revidert nasjonalbudsjett gjort framlegg om investeringstilskot til tiltaket frå post 70 «Nasjonale kulturbygg». Regjeringa føreslår at det blir løyvd kr 10 millionar i 2017 med tilsegn om statleg bidrag i seinare budsjettår på inntil ein tredel av kostnadene, men avgrensa til kr 230 millionar. Dette er i samsvar med statleg praksis ved bruk av post 70. Stortinget fattar vedtak i saka 21. juni.

Det er elles ikkje avklart korleis fordelinga mellom partane vil bli når det gjeld realisering av scenekunsthuset. Bergen kommune er grunn- og huseigar og har initiativet i saka. Scenekunsthuset vil verta tema på politisk kontaktmøte mellom Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune. Over sommaren vil fylkesordføreren og vera representert på møte i styringsgruppa som har arbeidd med skisseprosjektet.

Grunnleggande sett har Hordaland fylkeskommune teke eit kulturpolitisk medansvar for Carte Blanche sidan flyttinga til Bergen, og må og vera budd på å medverka til gode arbeidsvilkår for kompaniet. Fylkesordføreren vil likevel understreka at mykje enno må avklårast før fylkestinget kan ta endeleg stilling i saka. Eg synes og det er underleg å måtte lese om denne satsinga i avisa. Her burde staten hatt dialog med oss som medeigar i forkant.»

Mona Røsvik Strømme (H) hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Fylkestinget er Hordaland fylkeskommunes høyeste politiske organ. Det skal ikke være tvil om at vedtak som er fattet i fylkestinget skal følges lojalt opp, både administrativt og politisk.

For et år siden behandlet Hordaland fylkesting under tingsetet i Rosendal sak 59/2016 «Nasjonal transportplan 2018-29 – Høyringsfråsegn», og fattet et bredt politisk forankret vedtak med tydelige prioriteringer.

Sammen med Bergen kommune, Bergen Næringsråd, NHO Hordaland og LO har Hordaland fylkeskommune arbeid målrettet i tråd med vedtaket fra fylkestinget i juni 2016 for å få gjennomslag for våre prosjekter.

Ja, vi har arbeidet målrettet med dette frem regjeringens forslag til NTP 2018-2029 ble presentert 3. april i år. Hordaland fylkeskommune ble invitert til å delta på høringsmøte i Stortinget om NTP forslaget i slutten av april. I forkant av dette møtet utarbeidet fungerende fylkesordfører et høringsdokument fra Hordaland fylkeskommune som ble presentert i Stortinget. Dette dokumentet bryter med politiske vedtak og prioriteringer fattet av Hordaland fylkesting.

Våre samarbeidspartnere Bergen Næringsråd, NHO Hordaland og LO Hordaland reagerte meget kraftig på fungerende fylkesordførers politiske snuoperasjon. Blant annet varslet NHO og LO at de ville bryte samferdselssamarbeidet med Hordaland fylkeskommune etter det som hadde skjedd.

Fungerende fylkesordfører fikk naturlig nok kritikk fra flere hold for at de nye prioriteringene ikke er forankret gjennom et vedtak i fylkestinget. Til det uttalte fungerende fylkesordfører til media at han forstod at dette kan være omstridd, men at han som fylkesordfører selvsagt hadde forankret dette uformelt i fylkestinget. Høyre har ikke deltatt i denne prosessen. Etter det vi kjenner til er det også andre partier som er ukjent med denne uformelle forankringen.

Det kan se ut for at fungerende fylkesordfører på denne måten har flyttet makt og myndighet fra et demokratisk valgt fylkesting til et utvalg av fylkestingsrepresentanter.

Da blir det naturlig å stille følgende spørsmål:

1. Kan fylkesordfører redegjøre for prosessen rundt nasjonal transportplan (NTP) fra vedtak om prioriteringer i fylkestinget til høring på Stortinget?»

Fylkesordføreren svarte slik:

«Som spørsmålsstillaren heilt rett påpeikar, vedtok fylkestinget i juni 2016 ei høringsfråsegn til NTP. Spørsmålsstillaren hevdar at vedtaket var ei tydeleg prioritering. Fylkestinget vedtok følgjande punkt:

- Fylkestinget rår til at følgjande prosjekt blir prioriterte i handlingsplanperioden 2018-21:
- E39 Ådland-Svegatjørn (Hordfast)
- E16/E39 Ringveg aust
- E39 Nordhordlandstunnelen (Klauvaneset-Nyborg)

I same fylkestingssete vedtok vi ein uttale. Den hadde overskrifta «Heile strekninga Voss-Arna må byggast ut snarast råd!». I kulepunktta vedtok vi blant anna at «Prosjektet må få ein særskilt status både for veg og bane. Dette særleg for å sikra tilstrekkeleg med planleggingsressursar.»

- Kommunane langs vegen og banen er innforstått med at det vert gjennomført som statleg plan. Det er vilje til å gjennomføra planlegginga i ekspressfart.

I fylkestinget sitt møte i mars vedtok vi ein ny uttale, denne gong med overskrifta «E16 og Vossebanen må prioriterast i fyrste del av ny NTP». I uttalen seier vi blant anna at:

«E16 mellom Voss og Arna og Vossabanen vart i grunnlagsdokumentet frå fagetatane lagt inn som bunde prosjekt med oppstart i fyrste del av ny nasjonal transportplan (NTP). Samferdsledepartementet har i oppdragsbrev til etatane bede dei om å planlegga ut frå oppstart av prosjektet i 2021. Hordaland fylkesting er difor svært uroleg over meldinga frå regjeringa om at oppstart er utsett til andre periode, og dermed ikkje lengre prioritert som bunde prosjekt. Slik regjeringa no prioriterer vil det gå ytterligare 17 år før ny veg/bane kjem.»

Så avsluttar vi uttalen med dette:

«På grunnlag av dette kjem fylkestinget med eit klart krav til regjeringa og støttepartia: Når NTP endeleg vert lagt fram, må oppstart av E16 og Vossebanen vera i 2021. Berre slik kan vil de visa at de tek situasjonen for alle dei reisande på alvor!»

I innspelsdokumentet til transportkomitéen på Stortinget skriv vi følgjande:

Hovudprioriteringar i Hordaland

- 16/Vossebane (K5)
- Bysatsing/byvekstavtale Bergen
- Rv555 Sotrasambandet
- Ferjefri E39 innan 20 år
 - E39 Hordfast (Stord-Os)
 - E39/E16 Ringveg aust (Vågsbotn-Fjøsanger)
 - E39 Nordhordlandstunnelen (Klauvaneset-Vågsbotn)

Om E16 spesifikt seier vi:

«Grunna ras- og trafikktryggleiksproblematikken er det viktigast for Hordaland å få E16 og Vossebana på strekninga Arna –Stanghelle inn med oppstart i første periode. Grunnlagsdokumentet til samferdselsetatane for NTP 2018-29 la opp til byggestart i 2021. Stortingsmeldinga føreslår å eventuelt starte opp arbeidet med E16 Arna-Trengereid med bompenger i første periode. Vi vil peike på at det er strekninga E16 Trengereid –Stanghelle som er særleg utfordrande. Vi meiner komiteen må prioritere midlar for oppstart av denne vegstrekninga saman med utbetring av Vossebana i perioden 2018-24. Lokalt er det vilje til bompengerekkjeving som ein del av eit fullfinansiert opplegg.»

Eg har vanskeleg for å sjå korleis dette bryt med dei vedtaka eg innleiingsvis synte til.

Til sist vil eg leggje til at NTP vart lagt fram 5. april, og påskehelga starta 7. april. Innspelsdokumentet måtte sendast inn innan 1 veke etter 2. påskedag. Det var ikkje høve til, og vi har heller ikkje tradisjon for å politisk handsame notat til høyringar. For 4 år sidan vart ikkje høyringsnotatet ein gong lagt fram som melding til fylkesutvalet.»

PS 34/17 Forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar - Revisjonsrapport

Forslag til innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «opplæringstilbodet til minoritetsspråklege elevar» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. Å gjennomgå dei særskilde opplæringstilboda retta mot minoritetsspråklege elevar (treårig studiespesialiserande og VG1 helse- og oppvekstfag), og sikrar at fylkeskommunen etterlever reglane om organisering av klasser i opplæringslova § 8-2.
2. Å sikre at minoritetsspråklege elevar som ikkje har tilstrekkelege norskkunnskapar til å følgje den vanlege opplæringa i skulen får eit tilbod om særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd, og at det blir fatta enkeltvedtak om slik opplæring.
3. Å sikre at det blir gjennomført kartlegging av minoritetsspråklege elevar sine norskkunnskapar som grunnlag for å fatte enkeltvedtak om særskild språkopplæring, og at norskkunnskapane også blir kartlagt undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring, jf. krav i opplæringslova § 3-12 fjerde ledd.
4. At det for alle elevar med enkeltvedtak om særskild norskopplæring også blir vurdert om eleven har behov for morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd.
5. Å sikre at enkeltvedtak om særskild språkopplæring blir utforma med bakgrunn i den enkelte eleven sine individuelle behov.
6. At sakshandsaminga og enkeltvedtaka om særskild språkopplæring ved skulane oppfyller krav i opplæringslova og forvaltningslova, mellom anna når det gjeld:
 - a) grunngjeving av enkeltvedtak
 - b) skildring av kva det er fatta vedtak om
 - c) informasjon om klageinstans og retten til å sjå dokumenta i saka
 - d) enkeltvedtak om opphør av særskild språkopplæring
7. Å leggje til rette for meir erfaringsdeling og drøftingar på tvers av skulane når det gjeld organisering av tilbodet om særskild norskopplæring.

8. Å avklare og tydeleggjer ulike sider ved innføringsklassene ved dei vidaregåande skulane i Hordaland, under dette vurderer fordelar og ulemper ved å ha eit innføringstilbod som ikkje er omfatta av opplæringslova, samt tydeleggjer kva dette har å seie for elevane.
9. At elevar som er aktuelle kandidatar for innføringsklasse blir tydeleg informert om at dei har rett til å velje ordinær opplæring framfor innføringsklasse, og om konsekvensane av valet eleven gjer
10. Å utarbeide rutinar for å tydeleggjere ytterlegare kva rettar elevane har når det gjeld val av målform, samt kven som har ansvar for å informere elevane om desse rettane.»
11. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.11.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.05.2017

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Line Margrete Johansen frå Deloitte presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen av opplæringstilbodet til minoritetsspråklege elevar og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet ønskjer at Deloitte får inntil 15 minuttar til å presentere forvaltningsrevisjon innan minoritetsspråklege elevar for fylkestinget i juni 2017.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «opplæringstilbodet til minoritetsspråklege elevar» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. Å gjennomgå dei særskilde opplæringstilboda retta mot minoritetsspråklege elevar (treårig studiespesialiserande og VG1 helse- og oppvekstfag), og sikrar at fylkeskommunen etterlever reglane om organisering av klasser i opplæringslova § 8-2.
2. Å sikre at minoritetsspråklege elevar som ikkje har tilstrekkelege norskkunnskapar til å følgje den vanlege opplæringa i skulen får eit tilbod om særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd, og at det blir fatta enkeltvedtak om slik opplæring.
3. Å sikre at det blir gjennomført kartlegging av minoritetsspråklege elevar sine norskkunnskapar som grunnlag for å fatte enkeltvedtak om særskild språkopplæring, og at norskkunnskapane også blir kartlagt undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring, jf. krav i opplæringslova § 3-12 fjerde ledd.
4. At det for alle elevar med enkeltvedtak om særskild norskopplæring også blir vurdert om eleven har behov for morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd.
5. Å sikre at enkeltvedtak om særskild språkopplæring blir utforma med bakgrunn i den enkelte eleven sine individuelle behov.
6. At sakshandsaminga og enkeltvedtaka om særskild språkopplæring ved skulane oppfyller krav i opplæringslova og forvaltningslova, mellom anna når det gjeld:
 - a) grunngjeving av enkeltvedtak
 - b) skildring av kva det er fatta vedtak om
 - c) informasjon om klageinstans og retten til å sjå dokumenta i saka
 - d) enkeltvedtak om opphøyr av særskild språkopplæring
7. Å leggje til rette for meir erfaringsdeling og drøftingar på tvers av skulane når det gjeld organisering av tilbodet om særskild norskopplæring.
8. Å avklare og tydeleggjer ulike sider ved innføringsklassene ved dei vidaregåande skulane i Hordaland, under dette vurderer fordelar og ulemper ved å ha eit innføringstilbod som ikkje er omfatta av opplæringslova, samt tydeleggjer kva dette har å seie for elevane.
9. At elevar som er aktuelle kandidatar for innføringsklasse blir tydeleg informert om at dei har rett til å velje ordinær opplæring framfor innføringsklasse, og om konsekvensane av valet eleven gjer
10. Å utarbeide rutinar for å tydeleggjere ytterlegare kva rettar elevane har når det gjeld val av målform, samt kven som har ansvar for å informere elevane om desse rettane.»
11. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.11.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i fylkestinget - 13.06.2017

Seniorrådgjevar Line Johansen frå Deloitte presenterte revisjonsrapporten.

Geir Kjell Andersland (V) sette fram slikt forslag (a):

«Tillegg til punkt 11:
Handlingsplanen skal også leggjast fram for fylkestinget via utval for opplæring og helse.»

Geir Kjell Andersland (V) sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen (b):

«Kontrollutvalet bes gjennomføre en forvaltningsrevisjon av hvordan Hordaland fylkeskommune etterlever barnekonvensjonen.»

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Andersland sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke.

Andersland sitt forslag (b) vart mot 4 røyster (Sp) vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Vedtak

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «opplæringstilbodet til minoritetsspråklege elevar» ber fylkestinget fylkesrådmannen syte for:

1. Å gjennomgå dei særskilde opplæringstilboda retta mot minoritetsspråklege elevar (treårig studiespesialisering og VG1 helse- og oppvekstfag), og sikrar at fylkeskommunen etterlever reglane om organisering av klasser i opplæringslova § 8-2.
2. Å sikre at minoritetsspråklege elevar som ikkje har tilstrekkelege norskkunnskapar til å følgje den vanlege opplæringa i skulen får eit tilbod om særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd, og at det blir fatta enkeltvedtak om slik opplæring.
3. Å sikre at det blir gjennomført kartlegging av minoritetsspråklege elevar sine norskkunnskapar som grunnlag for å fatte enkeltvedtak om særskild språkopplæring, og at norskkunnskapane også blir kartlagt undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring, jf. krav i opplæringslova § 3-12 fjerde ledd.
4. At det for alle elevar med enkeltvedtak om særskild norskopplæring også blir vurdert om eleven har behov for morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd.
5. Å sikre at enkeltvedtak om særskild språkopplæring blir utforma med bakgrunn i den enkelte eleven sine individuelle behov.
6. At sakshandsaminga og enkeltvedtaka om særskild språkopplæring ved skulane oppfyller krav i opplæringslova og forvaltningslova, mellom anna når det gjeld:
 - a) grunngjeving av enkeltvedtak
 - b) skildring av kva det er fatta vedtak om
 - c) informasjon om klageinstans og retten til å sjå dokumenta i saka
 - d) enkeltvedtak om opphøyr av særskild språkopplæring
7. Å leggje til rette for meir erfaringsdeling og drøftingar på tvers av skulane når det gjeld organisering av tilbodet om særskild norskopplæring.
8. Å avklare og tydeleggjer ulike sider ved innføringsklassene ved dei vidaregåande skulane i Hordaland, under dette vurderer fordelar og ulemper ved å ha eit innføringstilbod som ikkje er omfatta av opplæringslova, samt tydeleggjer kva dette har å seie for elevane.
9. At elevar som er aktuelle kandidatar for innføringsklasse blir tydeleg informert om at dei har rett til å velje ordinær opplæring framfor innføringsklasse, og om konsekvensane av valet eleven gjer.

10. Å utarbeide rutinar for å tydeleggjere ytterlegare kva rettar elevane har når det gjeld val av målform, samt kven som har ansvar for å informere elevane om desse rettane.
11. Å lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.11.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen skal også leggjast fram for fylkestinget via utval for opplæring og helse.

PS 35/17 Selskapskontroll av Hordaland Teater - Revisjonsrapport

Forslag til innstilling

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Hordaland Teater LL ber fylkestinget **fylkesrådmannen** syta for å:

1. Sikre etterleving av vedtak og retningslinjer for val av styremedlemmar, og kriteria som er etablert for vurdering av kandidatar for styreverv.
2. Tydeleggjere korleis eigarføringar skal bli vidareformidla og følgt opp overfor selskapa.
3. Sikre at deltaking på generalforsamling blir avklart i tilstrekkeleg tid slik at eigarrepresentanten kan førebu seg, og få nødvendig innspel og informasjon frå kontaktpersonen i fylkeskommunen.
4. Etablere rutinar, basert på ei vurdering av risiko og vesentlegheit, som sikrar at fylkeskommunen gjennom tydelege krav til rapportering og/eller gjennom eigne kontrollar kan etterprøve at krava til tilskota blir etterlevd av tilskotsmottakar.
5. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av selskapskontroll av **Hordaland Teater LL** ber fylkestinget styret syta for å:

1. Gjennomgå styrande dokument og instruksar og sikre at desse er eintydige og bygger opp under den organisasjonsmodell som teateret ønskjer.
2. Sikre etterleving av styreinstruks i styret, dette omfattar styreevaluering for å vurdere både behov for kompetanse og eventuelle forbetringar i styrearbeidet.
3. Etablere rutinar for risikovurderingar og gjennomfører ei risikokartlegging av verksemda.
4. Gjennomgå behovet for overordna rutinar (basert mellom anna på risikovurderinga) i lys av endringane selskapet står overfor. Revisjonen vil spesielt peike på utarbeiding eller forbetring av rutinar innanfor følgjande område:
 - Økonomi
 - offentlege anskaffingar
 - personalområde
 - handsaming av avvik
5. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 08.05.2017

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Merete Larsen presenterte resultatet av den gjennomførte selskapskontrollen av Hordaland Teater LL og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Hordaland Teater LL ber fylkestinget **fylkesrådmannen** syta for å:

1. Sikre etterleving av vedtak og retningslinjer for val av styremedlemmar, og kriteria som er etablert for vurdering av kandidatar for styreverv.
2. Tydeleggjere korleis eigarføringar skal bli vidareformidla og følgt opp overfor selskapa.

3. Sikre at deltaking på generalforsamling blir avklart i tilstrekkeleg tid slik at eigarrepresentanten kan førebu seg, og få nødvendig innspel og informasjon frå kontaktpersonen i fylkeskommunen.
4. Etablere rutinar, basert på ei vurdering av risiko og vesentlegheit, som sikrar at fylkeskommunen gjennom tydelege krav til rapportering og/eller gjennom egne kontrollar kan etterprøve at krava til tilskota blir etterlevd av tilskotsmottakar.
5. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av selskapskontroll av **Hordaland Teater LL** ber fylkestinget styret syta for å:

1. Gjennomgå styrande dokument og instruksar og sikre at desse er eintydige og bygger opp under den organisasjonsmodell som teateret ønskjer.
2. Sikre etterleving av styreinstruks i styret, dette omfattar styreevaluering for å vurdere både behov for kompetanse og eventuelle forbetringar i styrearbeidet.
3. Etablere rutinar for risikovurderingar og gjennomfører ei risikokartlegging av verksemda.
4. Gjennomgå behovet for overordna rutinar (basert mellom anna på risikovurderinga) i lys av endringane selskapet står overfor. Revisjonen vil spesielt peike på utarbeiding eller forbetring av rutinar innanfor følgjande område:
 - Økonomi
 - offentlege anskaffingar
 - personalområde
 - handsaming av avvik
5. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i fylkestinget - 13.06.2017

Geir Kjell Andersland (V) og Astrid Aarhus Byrknes (KrF) stilte spørsmål om dei var inhabile fordi dei er varamedlemmer i styret for Hordaland Teater og har møtt i styret. Natalie Golis (MDG) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styremedlem.

Andersland, Byrknes og Golis gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile. Fylkestinget vedtok samrøystes at Geir Kjell Andersland, Astrid Aarhus Byrknes og Natalie Golis var inhabile, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Geir Kjell Andersland, Astrid Aarhus Byrknes og Natalie Golis gjekk frå under behandlinga av saka.

Elizabeth Toft Erichsen møtte for Geir Kjell Andersland.

Beate Husa (KrF) sette fram slikt forslag:

«Bytte ut punkt 3 under det som styret skal syte for med følgjande:

Ha ei risikostyring som er tilpassa føremålet for verksemda.»

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt oversendingsforslag til eigarskapsgruppa:

«Fylkestinget ber om at det blir lagt fram sak som vurderer behovet for valnemnd i samband med oppnemning av styret til dei kulturinstitusjonane der HFK er deleigar.»

Røysting

Det var 55 representantar til stades.

Innstillinga (fylkesrådmannen) punkt 1-5 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga (styret ved Hordaland Teater) punkt 1, 2, 4 og 5 vart samrøystes vedteken.

Husa sitt forslag punkt 3 (styret ved Hordaland Teater) vart vedteke mot 19 røyster (H, Frp) for innstillinga.

Tomren sitt forslag fekk 2 røyster (MDG) og vart difor ikkje oversendt.

Vedtak

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Hordaland Teater LL ber fylkestinget **fylkesrådmannen** syte for å:

1. Sikre etterleving av vedtak og retningslinjer for val av styremedlemmar, og kriteria som er etablert for vurdering av kandidatar for styreverv.
2. Tydeleggjere korleis eigarføringar skal bli vidareformidla og følgt opp overfor selskapa.
3. Sikre at deltaking på generalforsamling blir avklart i tilstrekkeleg tid slik at eigarrepresentanten kan førebu seg, og få nødvendig innspel og informasjon frå kontaktpersonen i fylkeskommunen.
4. Etablere rutinar, basert på ei vurdering av risiko og vesentlegheit, som sikrar at fylkeskommunen gjennom tydelege krav til rapportering og/eller gjennom eigne kontrollar kan etterprøve at krava til tilskota blir etterlevd av tilskotsmottakar.
5. Lage ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av selskapskontroll av **Hordaland Teater LL** ber fylkestinget styret syte for å:

1. Gjennomgå styrande dokument og instruksar og sikre at desse er eintydige og bygger opp under den organisasjonsmodell som teateret ønskjer.
2. Sikre etterleving av styreinstruks i styret, dette omfattar styreevaluering for å vurdere både behov for kompetanse og eventuelle forbetringar i styrearbeidet.
3. Ha ei risikostyring som er tilpassa føremålet for verksemda.
4. Gjennomgå behovet for overordna rutinar (basert mellom anna på risikovurderinga) i lys av endringane selskapet står overfor. Revisjonen vil spesielt peike på utarbeiding eller forbetring av rutinar innanfor følgjande område:
 - økonomi
 - offentlege anskaffingar
 - personalområde
 - handsaming av avvik
